

Bergen, den 25.september 2014

Hordaland fylkeskommune

Postboks 7900

5020 BERGEN kultur@hfk.no

Høyringsfråsegn. Referansenummer 2014/1442

PREMISS : KULTUR. Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025

I 2015 er det 120 år sidan «Husflidsforeningen for Bergen By og Stift» vart skipa, og det var starten på den organiserte husflidsrørsla på Vestlandet. Frå 1938 gjekk foreininga inn i det nyskipa Vestlandske Husflidslag, i 1970-åra delt i Sogn og Fjordane Husflidslag og Hordaland Husflidslag. Også Husfliden, Bergen vart skipa i 1895 og er ein del av dei to laga si felles historie(1).

Hordaland Husflidslag no er eit aktivt lag, med meir enn 20 lokallag over heile fylket. Vi har kontor midt i verdsarven, på Bryggen i Bergen og har eit lokalt samarbeid med mellom anna kystlag, ungdomslag og mållag gjennom Studieforbundet kultur og tradisjon. Vi har siste åra samarbeidd med Hordamuseet (Bymuseet i Bergen) og Osterøy museum (Museumssenteret i Hordaland) om barneaktivitetar og handverk, og med Hillesvåg ullvarefabrikk om (kortreist) ull og garn. Vi er medlem i Hordaland barne- og ungdomsråd (HBUR). Vi har arrangement under Kulturminneveka og på Husflidsdagen. For meir om samarbeid og aktivitetar viser vi til våre årsmeldingar.

Som fylkeslag under Norges Husflidslag arbeider vi etter retningsliner fastsett på deira årsmøte og i styrande organ, og våre arbeidsområde er innanfor dei prioriteringar som blir lagt sentralt, men dei får sin lokale farge. Vi har godt samarbeid med Norges Husflidslag sin fagkonsulent, som her i fylket har tittel Kultur- og næringskonsulent. Det styrkjer arbeidet vårt som frivillige at vi har eit profesjonelt fagapparat å samarbeida med.

For tida er satsingsområdet til heile Norges Husflidslag ull, raudlista teknikkar <http://www.husflid.no/prosjekter/roedlista> og arbeidet med Ung husflid.

Vi har arbeidd fram ei liste over handverksteknikkar som er gløymde eller på veg til å bli gløymde her i Hordaland. På denne lista står flest teknikkar innan tekstil, men der er også tre og mat. Fleire av lokallaga har valt seg ein teknikk som dei vil arbeida med og ta vare på.

Målsetjinga for vårt arbeid med raudlista er å få lista over «gløymde» teknikkar så kort som mogleg, og vi arbeider for å dokumentera teknikkane og å læra vidare til vaksne og barn under motto **Fleire får læra det få kan.** Satsingsområde ull, Ung husflid og prosjekt raudliste vil vera viktigaste arbeidsområda i tida framover, både i fylkeslaget og i lokallaga.

1) Lien, Åsmund. Den organiserte husflidsrørsla i Hordaland og Sogn og Fjordane 1970-1995. I **Flid og flørt.** Bergen 1995:45-51.

Høyringsfråsegn. 2014/1442 side 2

Vårt inntrykk etter å ha lese kulturplanen er at det er gjort eit godt arbeid med å lokalisera alle sider av kulturlivet i fylket, og at det er stor breidde i dei kulturuttrykka som her er lagt vekt på. Vi ser at det er tenkt mykje på dei fysiske kulturminna: på fartøyvern, bygningar, museum og samlingar, men noko mindre på det å ta vare på teknikkar.

Korleis museet skal ta vare på votten eller sokken, bunaden eller båtrya dei har i samlingane er profesjonell kompetanse og ei oppgåve for dei som forvaltar samlingane. Kunnskapen om korleis ein lagar sokken eller votten, korleis ein sydde bunaden, vov båtrya, er kunnskap som ikkje nødvendigvis finst i museet, men som mange av våre medlemmer har, og som vi ynskjer ta vare på og overföra til kommande slekter. Og vi vil gjerne møtast på felles arenaer og samarbeida både med musea, med andre organisasjonar og med enkeltpersonar for å nå dette målet.

Vi ser at satsing i form av merksemd og midlar bidreg til å løfta dei enkelte kulturuttrykk. Det er nok å nemna satsing på dans, på film, på musikk, det er finst gode eksempel i fylket på at dette bidreg til å løysa ut eit potensiale og fremja aktivitetten.

Vi ynskjer difor ei bevisst satsing på våre arbeidsområde, slik at teknikken blir like viktig som tingen og at tap av tekstile teknikkar skal minskast på same vis som ein arbeider for å minska tap av kulturminne frå nyare tid og arkeologi.

Samlingane i museet og i naustet er viktige, men også det å skapa er med på å fremja utvikling og livsfremjande aktivitetar, og er med på å gjeva eit allsidig aktivitetstilbod der folk bur og arbeider. Fylkeslaget og våre lokallag er med på å gjeva innbyggjarane i fylket eit rikt og mangfaldig kulturliv.

Husflidslaget har sin forankring i meir enn hundre års historie og kulturminne, og arbeider for å formidla dette i form av dagsaktuelle kulturuttrykk.

Hovudmåla i Lindås kommune sin kulturplan for 2010-2020 kan stå for det som også vår organisasjon ynskjer som prioriteringar i kulturpolitikken. Arbeidet i våre lag fører til inkludering og identitet, det er frivillig innsats og gjev eit kulturtilbod som speglar kulturarven.

Mange av våre medlemmer hører til den eldre garde, ein generasjon prega av dugnadsånd, der det frivillige arbeidet står sterkt, og det er mykje kompetanse og kunnskap blant dei. Denne kunnskapen hastar det med å læra vidare til nye generasjonar, til barn og unge, men også til foreldregenerasjonen.

Vi ser at dette er noko vi som frivillig organisasjon ikkje kan greia åleine. Vi har alt fleire samarbeidspartnarar, både profesjonelle og frivillige organisasjonar. I tida framover ynskjer vi å arbeida for eit vidare samarbeid både med profesjonelle og frivillige, gjerne ved fellesprosjekt og på felles arenaer. Men om vi skal lykkast med arbeidet, er vi også avhengige av faste midlar og stabil drift.

Hordaland Husflidslag er mellom dei som har fått årlege driftsmidlar frå fylkeskommunen, og vår drift er heilt avhengig av desse midlane. Til no har vi sendt søknad kvart år. Om fylket finn at det er praktisk å tildela midlar for 3 år om gongen, må driftstilskotet ikkje vera tidsavgrensa. Vi treng ein stabilitet frå år til år og ei tildeling som gjev oss gode og føreseielege rammevilkår.



Høyringsfråsegn. 2014/1442 side 3

Vi i Hordaland Husflidslag vil gjerne, saman med våre lokallag, vera med på å vidareføra kompetansen innan folkekultur og tradisjon, og gjera vårt til at denne kompetansen ikkje går tapt. Og vi ser fram til eit godt samarbeid om dette viktige arbeidet i åra framover.

Viser elles til høyringsfråsegn frå Norges Husflidslag og frå Studieforbundet kultur og tradisjon.

Med helsing

Brita Hekland

Brita Hekland

Leiar
Hordaland Husflidslag

Bryggen 33, Bredsgården 2

5003 BERGEN

post@hordalandhusflidslag.no